



Sjekkliste for egenrevisjon



## 13 BLOMSTER OG PLANTESKULE

© Matmerk  
Versjon 2020.5

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



*Sjekklista gjeld produksjon av plantar som ikkje er meinte å skulle etast slik dei er. Dette kan vere blomstrar i potte og snitt, grønsaker og ferdigplen, staudar og tre, inkludert frukttrær, bærbuskar og grønsaksplantar til heimedyrking. Sjå også sjekkliste 1 Generelle krav til garden og 2 Helse, miljø og sikkerheit Fleire overordna krav som gjelda produksjon av blomstrar og planteskulevarer, finn du i sjekkliste 1 Generelle krav til garden. Dette gjeld mellom anna krav til gjødsling og bruk av plantevernemiddel. I tillegg skal du fylle ut sjekkliste 2 Helse, miljø og sikkerheit.*

### 13.1 FRØ, PLANTEMATERIALE OG DYRKINGSMEDIUM



#### 13.1.1 Har du registrert kva slags såvare og plantemateriale du har brukt?

##### Dokumenter sort og partinummer for innkjøpte frø og plantar

Til dette kan du bruke rekneskapsbilag der partinummer og sort er påførte. Det er viktig å kunne dokumentere kva slags plantemateriale du har brukt, i tilfelle du skulle få ein reklamasjon eller du skal reklamere på ein leveranse.

##### Dokumenter art og sort for eigne frø og plantar

Når du bruker frø og plantemateriale du har dyrka fram sjølv, held det at du dokumenterer art og sort. Dokumentasjonen av sort treng du for å kunne få sortsavhengig betaling.



#### 13.1.2 Registrerer du kva slags dyrkingsmedium du bruker, slik som produkt av jord, torv og/eller syntetiske stoff?

Viss du bruker spesielle dyrkingsmedium (produkt av jord, torv og/eller syntetiske stoff for dyrking av plantar), skal du kunne dokumentere kva slags medium du har brukt. Til dette kan du bruke rekneskapsbilag.

### 13.2 PLANTEHELSE



#### 13.2.1 Produserer du plantar for omsetnad, er du pålagt å føre internkontroll med plantehelse. Dette er også viktig for å etterleve vedlegg 4B i forskrift om plantehelse. Utfører du dette?

Dersom du produserer plantar for omsetnad av dei slaga som er nemnde i vedlegg 4B til forskrift om plantehelse, kan du berre omsetje det du har produsert, viss du kan dokumentere at du oppfyller krava i vedlegget. Du må ta vare på dokumentasjonen i minst 3 år etter omsetjing.

##### Bruk Internkontroll plantehelse for å etterleve regelverket

Norsk Gartnerforbund tilbyr planteprodusentar ein mal/rettleiar for *Internkontroll plantehelse*, for å hjelpe deg å etterleve regelverket på ein god måte. Meir informasjon finn du på [gartnerforbundet.no](http://gartnerforbundet.no).

##### § Krav

Forskrift om plantehelse	Lovkrav
--------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 13.2.2 Produserer du ferdigplen eller andre planteskulevarer, og er du i så fall kjend med PCN-statusen på eigedommen din og på anna produksjonsareal du bruker?

Krava under dette punktet gjeld dei som omset plantemateriale med røter, dyrka i eller direkte på frilandsjord. Krava omfattar alle kulturar. Dette omfattar også plantar som står med pottene eller bretta på duk på frilandsjord, dersom det er risiko for smitteoverføring på grunn av jordsøl, direkte kontakt med jord eller liknande.

Du må ta prøver når du startar opp ein ny produksjonsstad eller fornyar ein du har frå før. Du skal vere kjend med svaret på prøvene før du set ut plantar. Viss det nye arealet ikkje kan ha blitt smitta, er det ikkje nødvendig å ta ut prøver, men dette må du i så fall dokumentere og få godkjent av Mattilsynet før du kan starte opp. På areal som er i bruk, skal du ta nye prøver minimum kvart 10. år, og oftare viss det går føre seg mykje aktivitet som kan gje smitterisiko.

#### Informasjon og litteratur, sjå lenker i Kravliste:

- Mattilsynet sin rettleiar for prøvetaking av potetcystenematodar (PCN), *Globodera rostochiensis* og *Globodera pallida* (PCN)
- rettleiar til *forskrift om plantehelse* § 5 vedlegg 4B – Generelle krav
- *forskrift om plantehelse*
- Plantevernleksikon NIBIO (gul potetcystenematode)
- Plantevernleksikon NIBIO (kvit potetcystenematode)

#### § Krav

Veileder for prøvetaking for potetcystenematoder (PCN)	Lovkrav
Veileder til forskrift om plantehelse § 5 vedlegg 4B	Lovkrav
Forskrift om plantehelse	Lovkrav
Gul potetcystenematode	Bransjekrav
Hvit potetcystenematode	Bransjekrav

## 13.3 PRODUKSJONSHYGIENE

### 13.3.1 Bruker du ei privat vasskjelde, og har du i så fall risikovurdert henne?

Vasskvalitet er viktig også for plantehelse, og vatningsvatn kan vere ei kjelde til forureining. Viss du bruker ei privat vasskjelde, bør du vurdere om vasskvaliteten endrar seg i samband med byggjearbeid, flaum og andre hendingar som kan påverke vasskjelda.

### 13.3.2 Kan du dokumentere at alle som arbeider i produksjonen, har fått nødvendig opplæring i helserisiko og hygiene i samband med produkthandtering, på eit språk dei forstår?

Alle som arbeider i verksemda, skal ha opplæring i helserisiko og hygiene. Det inneber at dei skal lære kva faktorar som kan påverke produkta slik at dei kan utgjere ein helserisiko for forbrukarane. Opplæringa skal vere tilpassa arbeidsoppgåvene den enkelte har, og ho skal gjevast på eit språk dei forstår.

#### Bruk skjemaet du finn på ksl.no

Du kan dokumentere at opplæringa er gjeven, på skjemaet du finn på **ksl.no**.

#### § Krav

Skjema for dokumentert opplæring	Lovkrav
----------------------------------	---------

### 13.3.3 Har du ein plan for reingjering og loggføring av utført reinhald på toalett?

På toaletta skal det henge eit reinhaldsskjema til loggføring av utført reinhald. Du kan bruke reinhaldsskjemaet du finn på **ksl.no**.

#### § Krav

Logg vask av toalett	Bransjekrav
----------------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 13.3.4 Har du rutinar for kontroll av skadedyr som mus, rotter m.m.?

Du er pålagt å kjempe mot skadedyr. Kva krav som gjeld, er spesifisert i *skadedyrforskriften*.

#### § Krav

Forskrift om skadedyrsbekjempelse	Lovkrav
-----------------------------------	---------

## 13.4 HAUSTING, TRANSPORT OG LAGRING

### 13.4.1 Har du rutinar som sikrar at produkta blir pakka, transportert og lagra slik at dei ikkje blir skitne og får redusert kvalitet?

Transportmateriell, inkludert kasser, behaldarar og liknande, skal haldast reine.

For at produkta ikkje skal bli forureina, er det viktig å ha gode reingjeringsrutinar både for pakkerom og for utstyr som blir brukt ved pakking.

Ikkje oppbevar noko som kan forureine produkta, i lagringsrommet, til dømes gjødsel, plantevernmiddel eller kjemikalium. Det er også viktig å skjerme produkta mot forureining frå mus, rotter, kattar, fuglar og andre skadegjerarar.

Du bør kontrollere og loggføre temperatur under transport og lagring.

## 13.5 MILJØOMSYN SÆRLEG FOR BLOMSTRAR, PLANTESKULAR OG LIKNANDE



### 13.5.1 Har du klart føre deg kva ansvar verksemda har etter forskrift for fremmede organismer?

*Forskrift for fremmede organismer* regulerer kva vekstar som kan omsetjast og plantast. Produserer du planteskulevarer, har du plikt til å drive opplæring og informere om statusen til organismar som er nemnde i forskrifta.

#### § Krav

Forskrift om fremmede organismer	Lovkrav
----------------------------------	---------



### 13.5.2 Driv du i tråd med det lokale regelverket for kompostering og handtering av plantemateriale som har vore behandla kjemisk med plantevernmiddel for veksthus?

Det er i dag ingen spesialmiddel for veksthus på marknaden, men kommunar og fylke har pålagt lokale produsentar å følgje bestemte rutinar for handtering av planteavfall.

### 13.5.3 Har du vurdert eventuelle tiltak for å minske risikoen for avrenning av næringsløysing frå produksjonsareala?

Du bør ha rutinar for å kontrollere eventuelle område der det kan vere fare for avrenning. Landbruk er definert innanfor «diffust utslepp» i forurensningsloven, men bransjen bør likevel sjølv vise aktsemd.

## 13.6 ENERGISPARING

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 13.6.1 Har du gjennomført energisjekk for å kartlegge og beskrive veksthusa?

Norsk Gartnerforbund har gjennomført energisjekk i mange gartneri. Ein energisjekk kan du som produsent gjennomføre sjølv, eller du kan få ein tilsett eller nokon som er innleigd, til å gjere det. Føremålet med sjekken er at du skal sjå kvar det er mest lønnsamt å setje inn tekniske tiltak med tanke på å minske energibruken. Ein energisjekk bør føre til ein plan over kva tiltak du eventuelt skal setje inn for å oppnå forbetringar.

### 13.6.2 Har du vurdert energikjeldene i produksjonen din?

Både for miljøet og for din eigen økonomi si skuld er det viktig at du vel rett energikjelde. Har du tenkt over kva energikjelder du bruker i dag, og kartlagt moglegheitene for meir miljøvennlege løysingar?

Dette er blant energikjeldene du bør vurdere:

- mineralolje
- bioolje
- elkjel
- propan
- naturgass
- biogass
- fast biobrensel (flis, tømmer m.m.)
- varmpumpe
- fjernvarme

Ambisjonane til næringa når det gjeld energikjelder, er også gjort greie for i Norsk Gartnerforbund sin energistrategi.

### 13.6.3 Har gartneriet eit løpande energioppfølgingssystem?

Eit energioppfølgingssystem gjer at ein måler forbruket i kWh per år frå ulike energikjelder, slik som elkjel, lys, biobrensel og gass. Systemet vil gje deg kontroll med ein av dei største innsatsfaktorane i veksthusproduksjonen. Erfaring viser at eit velfungerande energioppfølgingssystem gjer at du kan spare inn 5–10 prosent av energibruken, fordi du blir meir oppteken av å spare.

På sikt vil eit velfungerande energioppfølgingssystem la deg måle klimabelasting per produsert eining.

Norsk Gartnerforbund tilbyr aktørar i næringa rettleiing i løpande energioppfølgingssystem. Dette kan du lese meir om på [gartnerforbundet.no](http://gartnerforbundet.no).

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt